

Ein spennande og kjekk dag i Uskedal barnehage.

11.04.2019



Stor stas då politimannen Knut Olav Myklebust kom på besøk i barnehagen.

Uskedalen barnehage vart vinteren 2018 sertifisert som trafikksikker barnehage.

Kva er trafikksikker barnehage? Trafikksikker barnehage er eit konsept som er utarbeidd for å sikre at trafikktryggleiksarbeidet til barnehagen oppfyller krava i lover og forskrifter. Å bli godkjend som Trafikksikker barnehage er eit kvalitetsstempel for godt og heilskapleg trafikktryggleiksarbeid.

Grunnlaget for haldningar til tryggleik i trafikken blir lagt i barneåra, derfor må trafikkopplæringa begynne tidleg. Vaksne er rollemodellar og har ansvar for at barn og unge utviklar evne til refleksjon og gryande risikoforståing.

Barnehagen har ansvar for tryggleiken til barna, og det er mange måtar vi nyttar for å knyta trafikkopplæring, og førebyggjande arbeid inn i det daglige pedagogiske opplegget i barnehagen på. Ein av desse måtane kan blant anna vera å invitere politiet på besøk i barnehagen.

Politiet kjem på besøk



Ikkje tvil: Det største ynskje er å bli politi når ein vert vaksen.

Tysdag 09.04 var ein spennande og kjekk dag for borna i Uskedalen barnehage. Inn på tunet svinga politibilen, og ut av politibilen kom Knut Olav Myklebust i full politiuniform. Knut Olav hadde eit lydhøyrte publikum då han samla barna inne på avdeling Bamsebu til samlingsstund med tema trafikkssikkerhet, og kva politiet sin jobb er. Knut Olav viste fram blant anna handjerna. Ungane fekk stilla spørsmål om alt dei lurte på, og fekk fortelja om ting som opptok dei. Nokon av ungene kunne fortelja at dei hadde og handjern heima som dei bruka når dei leika politi, medan andre fortalte om sykkelen, sykkelhjelm, og kva dei gjere når de går på tur langs vegen. Det var tre viktige ting Knut Olav ville at barna skulle hugse om trafikkssikkerhet:

1. **Bruk alltid hjelm når du sykklar**
2. **Sjå deg godt føre når du ferdast i trafikken, og hugs å sjå til begge sider før du skal kryssa vegen.**
3. **Bruk alltid sikkerhetsbelte i bilen. Hugs å sjekke at det sitter riktig og er passe stramt.**

Det var ei fin, kjekk, spennande og lærerik samlingsstund. Etterpå fekk barna vera med ut til politibilen. Alle fekk prøva å sitja i bilen. Her viste Knut Olav korleis setebelte skulle festast. Ekstra spennande var det nok med blålys på taket. Ungane og dei vaksne i barnehagen var samde i at dette hadde vore ein lærerik og kjekk dag. Fleire av borna i barnehagen har no bestemt seg for at når dei blir store skal dei bli Politi.

Vi ynskjer å gje ei stor takk til Knut Olav og politiet i Kvinnherad.

Tekst/foto: Anne Irene Sæle
 Nett: Kristian Bringedal..



Eit synleg teikn på at Uskedal barnehage er ein trafikksikker barnehage.